

# Referat frå SU-møte 10. september 2020

## Desse møtte:

Ingrid Buvarp Aardal (leiar i SU), Martine Lunder Karin Haugane (tilsettere representant), Hildegunn Bergheim (Tilsettere representant) Mette Johannessen (styrar), Anne Kristin Lund (assisterande styrar og referent) og Olaug Marie Bjelde (Eigarrepresentant)

## Sak 7/20 Godkjenning av sakslista

- Alle innkomne saker er informert om, ingen merknader.

## Sak 8/20 Infosaker frå styrar

- **Oppstarten i barnehagen**
  - 85 barn og 5 avdelingar: Bjørnehiet er 19 2015-barn, Maurtua er 22 2016-barn, Skuleholten er 18 2017-barn, Kleivane er 7 2018-barn og 7 2019-barn (2 startar 1.nov.) og Knubben er 8 2018-barn og 4 2019-barn.
  - Det var 14 nye barn, 13 småbarn og 1 storbarn, som fekk plass hjå oss ved opptaket.
  - Alle barna har fått med seg kjende vaksne og barn når dei har bytt avdeling.
  - Me hadde tilvenning på ny avdeling og med nye vaksne og barn i sommarmånadane.
  - Me er til saman 26 tilsette – 7 nye.
  - Me følgjer bemannings- og pedagognorm; er overbemanna 40% på Kleivane fram til 1.november når 2 nye barn begynner der. Frå 1.november er me 18,33 årsverk som me skal vera til 110 plassar; 8 av årsverka er pedagogar. I tillegg har me 2 spesialpedagogar og 1 ekstra assistent fordi det er barn som har rett på spesialpedagogisk hjelp og tilrettelegging.
  - Det har vore ein fin oppstart. Dei første vekene er fokuset å skape gode relasjonar, gi barna ein god og trygg oppstart. Alle avdelingane har vore mykje ute å leika. På formiddagen byter avdelingane litt på uteområda, i tillegg til at alle brukar nærområdet til turar. På ettermiddagen ved hentetid er alle avdelingane på «sitt» uteområdet fordi me skal ikkje blanda oss.

- Foreldre har fått utdelt bilder av og kontaktlista til barna på avdelinga. Manglar bilder frå ein avdeling, men skal ordne det.
- Planleggingsdagane dette barnehageåret er 13.november, 4. januar, 14.mai, 12. og 13.august.

- **Info om innkøyring på avdelingane frå tilsettere representantane:**

Kleivane – Fin innkøyring. Fokus i tilvenninga har vore tryggleik, omsorg, bli kjent og leik. Brukar tid; det er nye born og vaksne som skal bli kjent med kvarandre. Godt å ha med personale som kjenner til dei eldste; Sigrun var med dei 2 første vekene. Har òg delt barnegruppa opp – godt med mindre grupper både for dei nye og for 2-åringane som går her andre året.

Knubben – er ei gruppe med 1- og 2- åringar der 4 er nye. Har hatt ei fin og roleg oppstart. Tryggleik og omsorg i fokus. Brukt mykje musikk, bøker og leiker. Har delt gruppa med ute- og innetid. At gruppa fekk med seg nokon dei kjenner er positivt, det er med på å gjera innkøyringa rolegare når me har nokon som har gått eitt år allereie.

Bjørnehiet – Fin oppstart med fokus på å skapa gode relasjonar med kvarandre. Mykje leik, turar i nærmiljøet og bli kjent med litt av oppgåvene som høyrer «rosa» gruppa til. Viktig med progresjon dei åra borna går her. Inne i «Gulehuset» har ein starta litt opp med fagrom; aktivitet i mindre grupper, det er stas. Mykje som skal skje framover med fisketur, epletur m.m. sjølv med korna, prøver vi å gjennomføre ulike oppdrag slik det let gjer seg gjera. Ut på våren vert det meir fokus på overgangen bhg- skule. Kjekk gjeng som er flinke å leika med kvarandre.

Tilbakemelding frå Maurtua og Skuleholten – Oppstarten har gått fint. Mykje fokus på tryggleiken og leiken i gruppene. Kjente vaksne som følgde ungane, og fokus på overgangen til ny avdeling i vår har hatt positivt innverknad på gruppene.

- Kjørnes barnehage er ein flott «landsbybarnehage»; i år med 5 avdelingar og 85 born fordelt på tre bygg. Dei to eldste gruppene rullerer med 14 dagar i ute-barnehage på Furehaugen og 14 dagar med inne barnehage i Gulehuset. Sidan me ikkje er ein heilt tradisjonell barnehagen med faste basar blir delinga av barnegruppene varierende år frå år avhengig av barnetalet i dei ulike årskulla. Inndelingar skjer etter godt gjennomtenkt vurdering frå personalet med fokus på gode relasjonar mellom barna og kjente vaksne så langt det let seg gjera.

- **Ny mobbelov**

- Til barnehageåret 2020/2021 innførte regjeringa strengare og tydelegare reglar som skal sikre at alle barn har det trygt og godt i barnehagane.
- Me skal ha nulltoleranse mot mobbing, plaging og utestenging frå leik; derfor endra regjeringa barnehagelova.
- Endringane i barnehagelova krev at barnehagane jobbar systematisk for å førebygge mobbing og krenkande oppførsel, og at dei skapar eit godt miljø der barna trivast. Rammeplanen stiller krav om dette, men regjeringa vil også å ta forpliktinga inn i lova.
- Sogn regionråd har utarbeida *Handlingsplan for inkluderande barnehagemiljø utan mobbing og andre krenkingar*, som var ferdig hausten 2019. Denne skal me bruka aktivt som eit arbeidsverktøy i vårt arbeid med å skape eit godt og trygt miljø for alle barna i Kjørnes barnehage.
- Regjeringa innfører òg ein aktivitetsplikt. Den inneberer at barnehagen har eit ansvar for å følge med på korleis barna har det. Barnehagen får òg eit ansvar for å undersøke og sette inn tiltak når personalet har mistanke om at eitt eller fleire barn ikkje har det bra i barnehagen. Det same gjelder når barnet, eller foreldra, seier at det ikkje har det bra. Barnehagane skal òg lage ein skriftleg plan for korleis dei skal følge opp barnet. Ein kan då bruke BTI som eit verktøy.
- Regjeringa ser foreløpig ikkje behov for å innføre ein individuell rett med ein tilhøyrande klageordning hjå fylkesmannen, slik som for mobbesaker i skulen. Ein slik regulering vil rette mykje merksemd mot enkeltbarn. Det er viktig at barnehagane jobbar førebyggande og systematisk med miljøet i barnegruppene for å skape eit godt og inkluderande miljø for alle barn.
- Mobbeombodet i Vestland er eit tilbod til alle barn og unge, og deira foreldre, som opplever å ikkje ha det bra i barnehagen eller på skulen: [www.vlfk.no/mobbeombodet](http://www.vlfk.no/mobbeombodet)

- **BTI**

- BTI består av ein grunnmodell med tilhøyrande handlingsretteleiar, verktøy og kompetansen til dei tilsette.

- **Grunnmodellen** i BTI beskriv korleis samhandlinga kan leggjast til rette på fire forskjellige nivå, avhengig av omfanget på vanskaner som skal løysast og talet på aktørar som skal involverast:

**Nivå 0:** Her avklarar me om det er grunnlag for bekymringa. (lavterskelnivå).

**Nivå 1:** Beskriv tiltak innanfor kvar enkelt teneste. (Bhg og føresette)

**Nivå 2:** Beskriv eit enkelt tverrfagleg samarbeid, helst mellom to tenester, PPT

**Nivå 3:** Beskriv eit meir omfattande tverrfagleg samarbeid mellom fleire tenester. (Bup helsestasjon)

- Nivåa og tenestene i grunnmodellen vert bundne saman gjennom ein samarbeidsstruktur som er basert på at ein aktør, stafethaldaren, har ansvar for å koordinera den tverrfaglege samhandlinga og dokumentera arbeidet i ein elektronisk stafettlogg.
- <https://sogndal.betreinnsats.no/>

#### **Innspel frå eigarrepresentant:**

- Sogn for alle er eit prosjekt som skal vara i ein 4- årsperiode med fokus på inkludering og fellesskap på ulike avdelingar i kommunen.

#### **Innspel frå foreldrerepresentantane:**

- Viktig tema å ha fokus på.
- «Har de gjort andre sin dag god?». Viktig oppgåve å gjere «seg sjølv» ansvarlig og viktig.
- Når ein inviterer til bursdagsselskap oppfordrar me til å inviterer anten alle på avdelinga eller alle jentene/gutane på avdelinga; ikkje sette att nokon. Det er vi voksen som har ansvar; det er vi som bestemmer kven som skal bli invitert. Borna brukar tidleg «du får ikkje koma i bursdagen min» når dei ikkje får viljen sin i lek

## Sak 9/20 Prosessen vidare med to mellombelse avdelingar

- Sogndal kommune har frå august 2020 15 barnehagar, der 8 er reine kommunale barnehagar, 3 er oppvekstsenter der barnehage og skule er organisert under felles leiing, og 4 er private barnehagar. Sogndal kommune har eit godt samarbeid med dei private barnehagane, og har felles opptak til barnehage.
- Sogndal kommune vedtok i sak 18.06.20 følgjande om løpande opptak:
  - *Sogndal kommune vil gje eit fleksibelt og løpande opptak.*
  - *Administrasjonen får mynde til å ta opp barn i barnehagar med ledig areal fortløpande, og sikre bemanning i tråd med krava.*
  - *Administrasjonen si fullmakt til løpande opptak er avgrensa til ein samla konsekvens på 2 årsverk.*
  - *Politisk nivå skal haldast orientert om bruken av ordninga, og særleg dersom handlingsrommet i fullmakta er nytta fullt ut.*
- Tala syner at Sogndal har ei ung befolkning, og dette talar også for at det vil vere vedvarande behov for fleire barnehageplassar. I gamle Sogndal vil det vere behov for å dekke barnehagebehova til 50 – 200 fleire barn fram mot 2030.
- Utan dei to mellombelse avdelingane i Kjørnes barnehage hadde Sogndal kommune hatt lite ledig kapasitet i Sogndal sentrum. Det framstår difor lite hensiktsmessig å avvikle desse avdelingane. Kommunen vil då måtte setje i gang planlegging av ny barnehage i Sogndal omgåande. Ved ei vidareføring av dei to avdelingane på Kjørnes, vil det gje eit visst rom til å vekse i barnetalet. Det er likevel behov for å setje i gang eit planarbeid i løpet av 2021 / 2022 for å avgjere framtidig plassering av barnehage i Sogndal sentrum, samt storleiken på denne.
- Rådmannen tilrår at dei to mellombelse avdelingane ved Kjørnes barnehage blir gjort permanente frå barnehageåret 2021 / 2022. Naudsynt planarbeid og prosjekteringsarbeid vert sett i gang, og investeringsprosjektet vert lagt inn i investeringsbudsjettet for 2021.

- Løpet framover for gjere dei nødvendige tilpassingane på Kjørnes slik at det blir permanent godkjent blir om lag slik:
  1. Mette har dialog framover med prosjektleiar Eirik Rygg om ein endelig utforming av nytt bygg.
  2. Sender papir inn til godkjenning hjå Arbeidsmiljøutvalet i kommunen. Papira må sendast seinast **1/10/2020**. Papir som skal sendast er: Teikningar samt uttaling frå tenesteleiar og verneombod.
  3. Sender søknad til arbeidstilsynet om godkjenning; antatt ferdig behandla 15/11/2020.
  4. Mens me ventar på arbeidstilsynet og byggesak, utarbeider me anbodsdokument slik at me kan satse på oppstart byggearbeid 1/12/2020 med ferdigstilling 1/7/2021.
  
- **Innspel frå foreldrepreressantane:**
  - Flott at rådmannen tilrår dette. Kjekt, konkret og gode argument. Har vore mange gode diskusjonar som no gjer tilrådinga mogleg permanent.
  - Jobbar med prosessen – ein prosess som vil bli justerast undervegs, og investering for prosjektet går som planlagt sjølv om kommuneøkonomien ikkje er det beste.
  - Innspel frå foreldra innan 1.10 – Viktig å få inn ein representant tidleg i prosessen for å koma med innspel.
  - Mette sjekkar med Ole Gunnar Krakhellen angående involvering frå SU og barnehagetilsette.

## Sak 10/20 Årsplanen og organisering i forhold til covid-19

- Nytt i årsplanen i år blir meir informasjon om korleis me arbeidar med Actnow (fysisk aktive barn i barnehagen), trygt og godt barnehagemiljø i barnehagen og overgangen barnehagen – skule. I tillegg vil det stå noko meir om tverrfagleg samarbeid (BTI).
- I år er utgangspunktet vårt når me lagar årsplanen at me kjem til å vera på Gult nivå i forhold til Covid-19; difor blir alle pedagogiske aktivitetar avdelingsvis.
- Me har likevel ein raud tråd i arbeidet vårt der alle avdelingane jobbar med ein del av dei samene temaene knytt til årstider og høgtider, på ulike måtar tilpassa aldersgruppa.
- I år har me vald Torbjørn Egner som årets forfattar; alle avdelingane vil bli godt kjend med songane hans og nokre av forteljingane.

- Me pleier å ha fire sosiale treff med familiarne; FN kafè, nissefest med graut før jul, påskefrukost og sommarfest. Styrar og tilsette tenker det ikkje er heldig å ha foreldrearrangement i barnehagen i år; kva tenker foreldrerepresentantane?







#### **Innspel frå foreldrerepresentantane:**

Kan vere ynskje frå foreldre å få til samankomst avdelingsvis ute; tilsettere representantane og styrar meiner det då eventuelt må bli i regi av foreldra utanom opningstid.

#### **Tilsettere representantane og styrar:**

- Sidan det er eit spesielt år og mykje usikkerheit rundt covid-19 ønskjer me å avlyse alle foreldrearrangement i år.

## **Sak 11/20 Foreldremøte**

- Me tenker at det blir ingen felles del for alle avdelingane; info vil bli sendt ut på e-post og lagt på heimesida.
- [Utdanningsdirektoratet](#):
  -  *Tips til foreldremøter* 
  - *Flere barnehager bekymrer seg for at de har for liten plass til å gjennomføre foreldremøter. Det er ikke så rart, og vi skjønner at de er mer krevende å arrangere med strenge smitteverntiltak.*
  - *Barnehager og skoler kan fremdeles ha foreldremøter, så lenge det ikke er flere enn 20 personer til stede og alle holder minst én meter avstand.*
  - *Her er noen forslag til hvordan dere kan løse plassutfordringen:*
  -  *Dele opp foreldremøtet i mindre grupper*
  -  *Holde foreldremøtet ute*
  -  *Bruke andre lokaler i nærmiljøet*
  -  *Gjennomføre møtet digitalt*
  - *Husk at dere må ha oversikt over hvem som er til stede på foreldremøtene. Det er viktig for smittesporingsarbeid.*
  - *Og sist, men ikke minst: Foreldremøtene er et viktige treffpunkter for informasjon, samtaler og for å bli kjent. Tusen takk for at dere gjør deres beste for å gjennomføre foreldremøtene!*

- Kva tankar har foreldrerepresentantane om organisering av foreldremøte i haust?
- Informativt og viktig å gjennomføre. Foreldre ynskjer å gjennomføre avdelingsvis. Barnehagen organisere dette. Foreldremøta blir i veke 40.

## Sak 12/20 Innkomne saker frå foreldre

- **Barnehagefotografering- er det mogleg å få til?**
  - Barnehagen ønskjer ikkje å organisera barnehagefotografering; det krever mykje organisering og ressursar.
  - Søskenfotografering er vanskeleg å organisera no pga. covid-19 og me tilsette skal unngå å blande oss på tvers av avdelingane.
  - Foreldrerepresentantar sjekkar om det er interesse for fotografering og korleis det kan organiserast.
  - Pedagogane på kvar avdeling sjekkar ut om gruppebilde som blei tatt i fjor er tilgjengeleg.
- **Tilkomst til deler av barnehagen - Fleire foreldre ønsker at barnehagen opnar for tilkomst nedanifrå berre for gåande/trillande. SU har forslag til tiltak.**

### **Innspel frå foreldrerepresentantane:**

- Skeptisk til trafikksikkerhet – må no gå rundt og passere krysset som det allereie har vore ulykker i.
- Ikkje trillbart ned til Knubben, holka til vinteren blir vanskeleg – usikker korleis handtera dette.
- Tilkomsten var òg tema på årsmøte til Kjørnesvel.
- Ynskjer å opne for gåande og ha tydleg skilting for parkeringsforbod.

### **Innspel frå styrar:**

- Kommunen har ikkje overheldt det dei lova i 2018 med skilt og vakter. Men det er uansett ikkje lov å parkere på gangveg; det er trafikkarfarlig og kan bøtleggast.
- Tilkomsten vil bli endra om det blir permanent barnehage – forlenga gangveg frå Furehaugen ned til Knubben – universell tilkomst.

### **Innspel frå eigarrepresentant:**



- Foreldrerepresentantane, Kjørnes vel og Barnehagen samlast med felles ynskjer/forslag til tilkomst og senda til Postmottak Sogndal kommune.
- **Stabilitet i barnegrupper med omsyn til barn og vaksne**
- Det er kome innspel frå foreldre om at mange har opplevd «ny» tilvenning fleire år på rad. Foreldra meiner at nokre ungar har fått med seg få kjende vaksne, både i samband med byte av avdelingar, men òg ved omrokking på avdelingane. SU trur noko kan skuldast overgangen frå 4 til 6 avdelingar og oppdeling av avdelingane etter kull pga mogleg flytting til Fosshagen. Det er uheldig dersom barna ikkje kjenner at dei har trygge vaksne og at det må ny tilvenning til for ungar som alt har gått i barnehagen.

#### **Kommentar frå styrar:**

- At ein skal få kjente vaksne med ved byting av avdelingar er noko barnehagen har fokus på so langt det let seg gjera. Me er ein stor barnehage med mange omsyn å ta både organisatorisk, personalmessig og til barns beste.

#### • **Blanding eller aldersreine?**

- Det er kome innspel frå nokre foreldre om at ein kunne prøvd å gå tilbake til avdelingar med meir blanda alderssamansetting, slik det var for nokre år sidan. På denne måten ville barna kunne oppleve større grad av stabilitet frå år til år, og ein ville unngå å bytte avdeling så mange gonger.

#### **Kommentar frå styrar:**

- Korleis fordelinga skjer, aldersblande/delt kjem an på storleiken på gruppene. Sidan me ikkje er ein tradisjonell barnehage med faste avdelingar set delinga mellom ute- og innebarnehage nokre begrensingar år for år i forhold til at me må ha to avdelingar med dei eldste barna som byter på å vera ute på Furehaugen.
- For nokre år sidan var det eit ønske frå foreldra om at alle som byrja på skulen året etter, skulle gå på same avdeling. Dette ønsket blei oppfylt.
- I år kunne me ha blanda dei to eldste kulla, rosa og grøn gruppa, men pga. risikoen for flytting av heile kull til Fosshagen, og i forhold til at me ikkje skal samarbeida på tvers av avdelingane no når me er på gult nivå i forhold til covid-19, blei det reine alderskull for dei tre storbarnsavdelingane i år.

- Me kunne ikkje blanda grøn og lilla gruppa; fordi då hadde ikkje alle grøne fått vore på uteavdeling.
  - Viss me blandar alle tre storbarnskulla hadde heller ikkje alle rosa fått vore på uteavdeling, fordi me i år er so mange storbarn at dei utgjere tre avdelingar.
  - Me prøver å få til at alle i dei to eldste kulla, rosa og grøn gruppa, får vera på utegruppa. Av og til får òg nokre lilla (3-åringar) vera på utegruppa fordi det ikkje er nok 5- og 4-åringar til å fylle to avdelingar.
- [Krav om koronatest for nytilsett som kjem i september?](#)
  - Me føreheld oss til retningslinjene til Sogndal kommune. Ingen krav no, men føl med på endringar.
- [Bytte av SU.](#)
  - Ingrid Buvarp Aardal (leiar i SU) og Martine Lunder (nestleiar i SU) trer av, men presiserer at det har vore interessante saker å jobba med for borna og barnehagen. Det jobbast med å få inn nye.